



Fredrik Fjeldvær
Alvermarka 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3822 - 16/33637

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Innsyn barnehageopptak 2016/2017 - Juvikstølen barnehage

Vi viser til e-postar datert 16.11. og 23.11.2016 der du ønskjer innsyn i barnehageopptaket 2016 /2017 i Juvikstølen barnehage. I e-post datert 30.11.2016 fekk du tilbakemelding på spørsmåla dine. Lindås kommune mottok ny e-post frå deg 04.12. der du meiner at svara er uklare. I denne e-posten stiller du fire spørsmål som rådmannen no vil gje deg tilbakemelding på.

1. Dersom praksis var følgd, skulle ikkje då Juvikstølen barnehage ha gjort opptak etter barnets alder i høve til søkjarlista i Juvikstølen barnehage jfr. Barnehageplan 2012 – 2015 kapittel 7 punkt 4?

Som rådmannen skreiv i svaret til deg 30.11. er praksis at kvar barnehage gjev tilbod frå *si* venteliste. Det har Juvikstølen også gjort i dette suppleringsopptaket. I denne prosessen tar ein utgangspunkt i korleis føresette har prioritert i søknaden. Som vi skreiv i førre svaret til deg vil kommunen sjå på desse rutinane når dei kommunale vedtekten skal reviderast over nyttår.

2. Kvifor fekk ikkje vi barnehageplass i supplerande opptak?

Vi viser til svaret over, og til svar i e-post datert 30.11. der vi gjorde greie for rutinane i suppleringsopptaket. Årsaka til at barnet ditt ikkje har fått tilbod enno heng saman med alder og prioritering av barnehage.

3. Kvifor fekk vi ikkje tilgang til dokument i saka?

I førre svar fekk du opplysningar som var knytt til barna som fekk plass i suppleringsopptaket i Juvikstølen barnehage. Dette var fødselsdato, søknadsdato og om Juvikstølen var 1. eller 2.prioritet.

Som du sjølv skriv har du forståing for at det kan vere nødvendig å unnta opplysningar frå offentleg innsyn. Lindås kommunen vurderer at du har fått tilstrekkeleg informasjon i denne saka.

4. Barna som fekk tilbod i januar 2017, kvifor fekk ikkje dei tilbod før då dei hadde høgare prioritet enn barna som fekk plass i november?



Årsaka til det er at dei ikkje ønskjer plass før i januar 2017.

Vi vil gjere merksam på § 6 *Klagerett i forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak* i Lov om barnehage. Der står det, sitat:

«Ved hovedopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søker kan også klage dersom søker verken får sitt første eller andre ønske oppfylt. Ved supplerende opptak kan bare søkere til barnehagen med lovfestet rett til prioritet etter barnehageloven § 13 klage dersom de ikke tilbys plass i den aktuelle barnehagen».

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi:

Christine Teigland, styrar i Juvikstølen barnehage

Mottakarar:

Fredrik Fjeldvær

Alvermarka 26

5911

ALVERSUND